

Fra: kultur@hfk.no

Sendt: 15.09.2014 22:51:04

Til: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

Kopi:

Emne: søknad om stønad til tiltak for born og unge (aktivitetsstønad)

Vedlegg:

Søkjar__org__eller_person_ : FN-sambandet vest

Adresse1: Postboks 316 sentrum

Postnummer1: 5804

Stad1: Bergen

Kontaktperson: Thea Cecilie havn Skorge

Organisasjonsnummer_personnummer: 00973164473

Heimeside__eventuelt_ : www.fn.no eller www.internasjonaluke.org

E_postadresse__kontaktperson_ : thea.skorge@fn.no

Telefon: 55548490

Tiltaket_omfattar_kommunar_i_ : Heile Hordaland

Sjanger: Scenekunst,Musikk,Anna

Dersom_anna__kva_ : Second-hand moteshow

Kva_aldersgruppe_omfattar_tiltaket_ : 13-15,16-18,19-

Samla_utgifter__NOK_ : 12000

Pårekna_inntektar__NOK_ : 0

Søknadssum_frå_HFK__NOK_ : 8000

Stønadens_skal_sendast_til_namn_ : FN-sambandet vest

Adresse2: Postboks 316 sentrum

Postnummer2: 5804

Stad2: Bergen

Kontonummer: 52010683009

Føremål_med_tiltaket__maksimum_5_liner_ : Second-hand mote har vist seg å vera effektivt for å nå inn til tenåringsjenter om klima- og miljø. Merksemda spreiaast på sosiale medier.

Informasjon_om_tiltaket_til_dømes_aktivitet_omfang_målgruppe_tidspunkt_for_gjennomføring_m_v__ :

BAKGRUNN: FN-sambandet vest arrangerar i år for ellefte gongen "Internasjonal veke", forkorta til IU i Bergen. I perioden 18.oktober-1.november vil vi ha meir enn 40 arrangement/events i byen, mange av desse med friviljuge organisasjonar frå Hordaland som medarrangørar. Sjølv IU startar på FN-dagen 24. oktober og blir avslutta med folkefest på Torgallmenningen. Her har 20-25 av dei same friviljuge organisasjonane stand, samstundes som det er eit variert program frå scenen. I tillegg er det eigne telt med aktivitetar for born og ungdom.

Mellom dei mest populære innslaga deis siste åra er "Second-hand moteshow". Vi var mellom dei første til å arrangera desse, som no ar vorte populære landet rundt. Frå å vera enkle amatørpropplegg har vi utvikla høgare standard, og planlegging og gjennomføring treng profesjonell innsats.

I årets moteshow vil vi nytta "internasjonale modellar" (det tydar i vårt døme at alle er busette i Bergen/Hordaland, men at dei har bakgrunn frå både Noreg og andre land og kulturar).

Kleda vil i år som dei tidlegare åra vera frå lokale systover og bruktbuikkar. Vi vil visa Vintage, brukt, gjenbruk og redesign, som alle er variantar av "Second-hand".

OMSØKT TILTAK: Mote har vist seg å vera ein av få effektive "kommunikasjonskanalar" for å nå inn til tenåringsjenter og mødrene deira. Effekten er ikkje avgrensa til sjølv framsyninga av moteshowet. Vi nyttar på førehand såkalla "rosabloggarar" til å fokusera på "second-hand" ved å skriva om rettferd for fattige tekstilarbeidarar, redusert sløsing med stoff og råvarer, redusert behov for vatn til bomullsmarker osv. osv. Tenåringar som følgjer rosabloggarane blir involvert ved at dei "kommenterar" og "liker" på Facebook, mødrene/bestemødrene som er ven med døtre/barnebarn kan "dela" innlegga frå eigne barn/barnebarn på Facebook med andre vaksne. I tillegg har IU og FN-sambandet vanlege heimesider, vi kan også nytta Twitter. Under IU har vi ein eigen Instagram-konkurranse, der Second-hand er ei tema. Slik skapar vi på forskjellige måtar merksemd om moteshowet i sosiale medier.

Vi søker om støtte til å jobba med dette nettverket. Vi vil dokumentera korleis dette fungerer i sosiale medier i ein eigen delrapport. Vi gjer merksam på at vi i tillegg søker om støtte til sjølv moteshowet under "ålmenne kulturføremål".

MOGLEG EFFEKT/ETTERARBEID: Som oppfølging t.d. i ungdomsskulen kan FN-sambandet arrangera det nyutvikla "Rollespelet kr 49,-" som handlar om tekstilproduksjon i Bangladesh.

MERKNAD: (Vi har sendt inn rapport for tiltak utført i 2013, men mellombels ikkje for støtte motteke for første halvår i 2014.)

Kven_er_det_eventuelt_søkt_stønad_hos_ : Eigendel frå FN-sambandet 4000

Kommune: Bergen

Type_søkjar: Organisasjon

Form: Festival

Er_det_motteke_stønad_frå_HFK_tidlegare_ : Ja

Er_det_sendt_inn_rapport_og_rekneskap_ : Ja

Vert_det_sendt_inn_ytterlegare_dokumentasjon_vedlegg_pr__post_ : Nei